Send inn høyringssvar

Fjaler kommune

Innsendt: 20.10.2026 15:45
Referanse-ID: 6NG-K3L
Skjema-ID: FKO-28

Opplysningar om innsendar

Høyringssak

Arkivsak

25/1844

Tittel

Utgreiing av skulestruktur

Uttalen vert gjeven

set kryss

◉ Personleg (privatperson)

Personopplysningar

Førenamn

Linda

Etternamn

Leirpoll

Adresse

Fjellvegen 3

Postnummer

6856

Poststad

Sogndal

Telefon

47754192

E- postadresse

lmle@hvl.no

Høyringssvar

Skriv uttalen din her eller last ho opp som vedlegg:

Kronikk skrive til Firda september 2026:

Vi er begynt å bli vande med desse overskriftene. Den lokale skulen skal leggjast ned. Dei har kome jamt og trutt opp gjennom åra frå ulike kantar av landet. Kampen om det som held bygda saman. Som Are Kalvø skriv i boka si «Berre bønder lengtar heim»: Det er ingenting som er vanskelegare og vondare enn samfunnsdebattane om nedlegging av lokalskulane.
Så var det bygda mi sin tur. Flekke. Vår lokale skule. Skulen eg har vakse opp på. Skulen barna mine skulle gått på, om eg hadde flytta heim.
Ja, om ein hadde flytta heim?
For ein flyttar vel heim for å få eit betre og meir praktisk liv enn i byen? Eller?
NRK hadde nyleg ei sak om at bygde-Noreg er i vekst, og at småbarnsfamiliar byrjar å flytte til bygdene for eit rolegare liv. Dei er lei av hamsterhjulet og ynskjer eit enklare liv med nærleik til natur, nærskule og lokale gardsutsal. Småbruk er faktisk noko av det mest søkte på Finn, og stadig dukkar det opp glade austlendingar på Vestlandet som vil leve eit litt enklare liv.
For det er faktisk mange som etter kvart ser at bygda kan gi dei noko byen kanskje ikkje kan i like stor grad: nærleik, fellesskap, dugnadsånd, tryggleik. Og eit praktisk enklare liv. Og det er nettopp dette bygdene har å tene på.
Men kva skjer dersom vi held fram med å gjere tilboda i bygdene dårlegare? Leggje ned. Sentralisere. Flytte ungane ut av bygda for å kunne gå på skule.
Ja, sentralisering er ikkje eit nytt fenomen. Heilt sidan etterkrigstida, då folk faktisk måtte flytte til byane fordi jobbane var der, har vi jobba for å behalde folk og liv i bygdene våre. Det som kanskje då er så forferdeleg provoserande, er at Flekke faktisk er i vekst.
Så kva har vi då å tilby småbarnsfamilien når dei kjem? Eller, om ein vil flytte heim?
Den lokale skulen er nemleg langt meir enn ein skule. Han er tryggleik, fellesskap og nærleik. Det er her identiteten blir skapt, for både barn og foreldre. Å miste éin ting betyr plutseleg å miste fem.
Så må ein tørre å stille spørsmålet: Kva kjem først? Folketalet eller tilboda?
Skal vi vente på at barnefamiliane flyttar til bygda før vi tilbyr dei ein skule? Eller skal vi ha ein skule som gjer at barnefamiliane faktisk vel å flytte hit?
Så er eg også smerteleg klar over at dette handlar om økonomi. Stort sett økonomi.
Det er berre så synd at det er lett å rekne ut kostnaden av ei nedlegging i kroner og øre, men umogeleg å rekne ut kva det kostar å miste han. For bygda. For kommunen. For framtida.
Og ja, eg har tidlegare jobba i politikken eg, men eg skjøna framleis ikkje korleis alt heng saman alltid.
«Det er forskjellige budsjettpostar, Linda.»
«Det går nok dessverre ikkje, Linda. Vi må prioritere noko anna fyrst.»
Eller min personlege favoritt:
«Det er dei andre partia i førre regjeringsperiode sin feil. Ikkje vår.»
Ordninga med sletting av studielån har kosta staten x-antal millionar kroner. Det er mange lokalskular det.

For all del. Eg takkar staten for at eg får sletta studielånet mitt, men eg trur likevel det er den lokale skulen dei fleste ville flytta heim for.
Så skreiv Marte Haugsbakk eit så fint og realitetsnært innlegg for ei tid tilbake. Om korleis det er å vere lokalpolitikar. Om korleis økonomien alltid set ein stoppar for politikken ein eigentleg ønskjer å drive. Det politikarane og kommunen eigentleg gjer, er å spele eit spel du er dømt til å tape.
Og det er kanskje nettopp her problemet ligg.
For skal eg, den nye arbeidstakaren eller barnefamilien som vurderer å flytte hit, ynskje å bu i Flekke, må det vere noko her som byen ikkje kan tilby. Det er bygda sitt ess i ermet. Der er den lokale skulen det aller beste kortet på handa.
Eg vil gjerne flytte heim ein dag. Kanskje.
Men eg vil ikkje berre flytte heim til ein stad der eg kan ta over ein gard.

Eg vil flytte heim til ei bygd som framleis lever.

Last opp eventuelle dokument eller vedlegg

Her kan du laste opp eventuelle dokument eller vedlegg
